

## Protokoll Regionrådet Nordhordland – fredag 6. mai

<b>Møte:</b>	<b>3-2022</b>
<b>Tid:</b>	<b>Fredag 6. mai kl. 11:00 – 12:30</b>
<b>Stad:</b>	<b>Region Nordhordland Helsehus, kunnskapsenter 6. etasje, møterom Mongstad</b>

### Til stades:

<b>Ordfører:</b>	Sara Sekkingstad (Alver), Per Lerøy (Austrheim), Stian Herøy (Fedje), Hallvard Oppedal (Gulen), Karstein Totland (Masfjorden), Kjetil Eikefet (Modalen), Lars Fjeldstad (Osterøy)
<b>Rådmenn:</b>	Ørjan Raknes Forthun (Alver), Bjørnar Fjellhaug (Austrheim), Svein Helge Hofslundsengen (Masfjorden), Ingvild Hjelmtveit (Osterøy)
<b>Adm:</b>	Rune Heradstveit, Bent Gunnar Næss
<b>Andre:</b>	Ingen
<b>Forfall:</b>	Hege Eide Vik (Vaksdal), Olav Mongstad (Fedje), Reidun Halland (Gulen), Jo Bjarte Tømmerbakke (Modalen), Atle Fasteland (Vaksdal)

Sak 17/22	<p><b>Godkjenning, møteinnkalling og sakliste</b></p> <p><b>Vedtak:</b> Møteinnkalling og sakliste vart godkjent utan merknadar.</p>
Sak 18/22	<p><b>Godkjenning protokoll møte 2-2022</b></p> <p><b>Vedtak:</b> Møteprotokoll frå møte 2-2022 vart godkjent utan merknadar.</p>
Sak 19/22	<p><b>Informasjon – status / prosess ved Nordhordland legevakt</b></p> <p>Karstein Totland innleia og viste til at Alver kommune har sagt opp legevaktsavtalen, og at rådmennene tidlegare har bedt om at ein i prosess med ny avtale også utgreier IKS som alternativ modell i framtida. Totland viste vidare til arbeidsmøte / workshop som var om Nordhordland legevakt 21. april der bl.a. legevaktsjef ved Sunnfjord og ytre Sogn interkommunale legevakt IKS orienterte om selskapet og arbeidet der.</p> <p>Ørjan Raknes Forthun orienterte grundig om bakgrunn for - og arbeidet med ny avtale om legevakt. Presentasjon ligg vedlagt.</p> <p>Forthun var tydeleg på at han såg vertskommune som einaste aktuelle organisasjonsform, bl.a. basert på NOU 2016:4 som var grunnlag for ny kommunelov. Denne peikar på vertskommunemodellen som beste selskapsform for lovpålagte oppgåver – mellom anna legevakt.</p> <p>Forthun sa vidare at det er få fastlegar frå kommunane som er med på legevakttjenesta, og at det er ei utfordring at kommunane gir fritak for å jobba på legevakta. Han viste også til at det er fullt mogeleg å koma med innspel undervegs i prosessen og at ein må bruka organa som er knytt til legevakta som administrativ nemnd, kommunalsjefgruppa, rådmannsutvalet, fagråd for kommuneoverlegar, og elles regionrådet og kommunestyra.</p> <p>Deretter var det diskusjon / synspunkt der bl.a. dette kom fram:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Det vert fort litt mykje fokus på avstandsproblem ut i distrikta, kommunane opplever få klagar frå innbyggjarane, og folk er i det store fornøgd med legevakta</li> </ul>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Det må vera meir forutsigbare rammer for økonomi</li> <li>▪ Det er ønske om meir og større engasjement frå kommunane, men slik det er i dag er det lite insitament for å engasjera seg.</li> <li>▪ Det er viktig at det vert tatt grep slik at ein sikrar større eigarskap frå alle kommunane</li> <li>▪ Korleis finne ein organisasjonsmodell som gir rom for større engasjement?</li> <li>▪ Det er eit klart ønske om å utgreidd IKS-modellen i tillegg til vertskommunemodellen</li> <li>▪ Det må koma meir rapportering og oppdatert kunnskap og fakta/data frå LV, t.d. årsrapport</li> <li>▪ Styreforma slik den er i dag vert ikkje oppfatta optimal slik vertskommunen legg fram, derfor viktig å utgreia fleire modeller slik at ein sikrar ein god og grundig prosess føre ein vel framtidig modell som skal stå trykt framover</li> <li>▪ Det må koma meir informasjon og involvering i forkant av avgjersler som gjeld legevakt og som har konsekvensar for kommunane</li> <li>▪ Vertskommunen må leggja fram budsjettal for 2023 så snart som mogeleg</li> <li>▪ Det er viktig med meir fast og relevant informasjon om legevakta i Regionrådet</li> <li>▪ Denne type diskusjon ein har i dag, viser at ein får større eigaransvar ved å ha dette som tema med jamne mellomrom</li> </ul> <p>Forthun svara at kommunane har mange arena for å gje innspel om legevakta gjennom administrativ nemnd, kommunalsjefsgrunna helse og omsorg, rådmannsutvalet eller regionrådet. Han meiner at IKS-modellen ikkje løyser noko som ikkje kan løysast i ein vertskommunemodell. Det er ikkje noko i vegen for tettare rapportering til rådmannsutvalet og regionrådet.</p> <p>Dersom ny avtale ikkje er på plass til 1. januar 2023, vil oppsagt avtale gjelda vidare. Den største utfordringa med ny avtale kan bli fordelingsnøkkelen, blant anna fordi beredskap kostar. Forthun eller andre frå Alver kommune kan gjerne koma rundt til kommunestyra for å orientera om prosessen i haust. Kommunane må i såfall ta kontakt.</p> <p><b>Vedtak:</b> Regionrådet tar orienteringa til vitande. Regionrådet ber om at det vert orientert om prosessen med ny samarbeidsavtale for legevakta i møta i regionrådet framover.</p>
Sak 20/22	<p><b>Eventuelt</b></p> <p><b>Brev til kommunane om betre polititenester og beredskap</b> Karstein Totland viste til politirådsmøtet i Sløvåg der brev datert 23.02.22 frå Justis- og beredskapsministeren til kommunane om betre polititenester og beredskap bl.a. var tema. I skrevet ber statsråden om svar på ein del konkrete spørsmål. Det er opp til kvar enkelt kommune om dei vil senda inn svar. Frist er sett til 1. juni.</p> <p><b>Vedtak:</b> Regionrådet vedtok senda eit felles skriv frå Regionrådet som tar opp i seg dei viktigaste overordna spørsmåla basert på skriva frå kommunane i regionen. Regionrådet ber om at kommunane sender sine uttalar til dagleg leiar.</p>

Knarvik, 6. mai 2022



Karstein Totland  
Leiar  
Regionrådet Nordhordland



Rune Heradstveit  
Dagleg leiar  
Region Nordhordland IKS

Vedlegg:

Sak 19/22 Presentasjon – prosess ny avtale ved Nordhordland legevakt